



BREMANGER KOMMUNE

SENTRALADMINISTRASJONEN

Det kongelige Olje- og Energidepartement
Pb 8148 Dep

0033 OSLO

Vår ref.
13/37-2/K3-&13, K2-S82//KVF

Dykkar ref.
12/1863 av 04.01.2013

Dato:
26.03.2013

Høyringsuttale vedr. Havvind-Strategisk konsekvensutredning frå Bremanger Kommune

Viser til oversendt høyringsnotat med Dykkar ref. 12/1863 datert 04.01.2013.

Bremanger Formannskap behandla høyringsnotatet i møtet 07.mars 2013, under sak 28/13 Referatsaker pkt. 4, der det vart gjort fylgjande vedtak:

«Bremanger formannskap sluttar seg til uttalen frå fiskarlaget når det gjeld konsekvensane for fiskeri, og understrekar at ein også er imot bandlegging av området rundt Olderveggen av omsyn til fritid og rekreasjon».

Uttalen frå Sogn og Fjordane Fiskarlag, som Bremanger formannskap sluttar seg til, ligg ved som vedlegg.

Viser òg til tilbakemelding frå Bremanger Kommune vedr. utkast til planprogram datert 28.01.2011. Denne ligg òg ved som vedlegg.

Totalt 2 vedlegg.

Med helsing

Karl Vidar Førde
Ordførar



BREMANGER KOMMUNE

ORDFØRAR

Olje og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep.

0033 OSLO

Vår ref.
11/131-3/K1-//KOS

Dykkar ref.

Dato:
28.01.2011

Høyring - forslag til utgreiingsområder for havvind

Vi viser til høyringsbrev om forslag til utgreiingsområder for havvind, datert 24.11.2010.

Det er i brevet bedt om tilbakemelding spesielt på utkast til planprogram for strategisk konsekvensutgreiing (kapittel 10)

- Bremanger kommune vil påpeike at det i nærleiken til både område Frøyagrunnen og Olderveggen er oppretta naturreservat. Dette tilseier at dette er eit spesielle område som er levestad for spesielle artar eller representerer ein spesiell naturtype. Dette krev spesiell merksemd i konsekvensutgreiinga.
- Bremanger kommune ber om at verknaden for fiskerinæringa blir lagt særleg vekt på i den strategiske konsekvensutgreiinga. Begge dei føreslåtte områda er viktige som ressursgrunnlag for fiskerinæringa.
- Det skal utgreiast nettløysingar og verknader for kraftsystemet. Det må på eit tidleg tidpunkt avklarast om det er kapasitet i framtidig sentralnettlinje Ørskog-Fardal til energi frå havvind. Dette ut frå at det er mange meldingar og planar for landbasert vindkraft og småkraft i regionen som også vil trenge overføringskapasitet.

Med helsing

Kåre Olav Svarstad
ordfører



SOGN OG FJORDANE FISKARLAG

FISKERNES HUS

Postboks 173 – 6701 Måløy

Norges Fiskarlags Servicekontor AS,
avd. Sogn og Fjordane

Telefon: 57 85 39 99

Telefax: 57 85 39 90

Mobil: 951 95 294

Bankgiro: 6554.10.09900

Norges Fiskarlag,
Boks 1233 – Sluppen,
7462 Trondheim.

E-post:

5.7.1.2.

fredag, 1. februar 2013

Styret i Sogn og Fjordane Fiskarlag har på styremøte 30.01.13 handsama konsekvensutredning havvind, og følgjande vedtak vart fatta:

Sak 09/13- Konsekvensutgreiing – Havvind.

Sak motteken frå Norges Fiskarlag datert 10.01.13.

VEDTAK:

Styret i Sogn og Fjordane Fiskarlag viser til vårt styrevedtak i sak 33/11 og styrevedtak 39/10.

Vi kan ikkje akseptere plassering av Havvindmøller på fiskebankane Frøyagrunnen, Olderveggen eller Stadhavet i Sogn og Fjordane fylke.

Denne høringa gjeld i første rekke Frøyagrunnane som er fiskeplass for den kystnære flåten og ein del regionale fiskarar etter sild og makrell. Flåten har ingen andre fiskebankar innan rekkevidde og sertifikatområde for denne kystflåtegruppa. Forsking på lydforureining av havmiljøet manglar i dag, så her blir «føre var prinsippet» sett til side. Styret i Sogn og Fjordane Fiskarlag kan ikkje godta at ei ny næring får rettar på bekostning av ei gamal fornybar næring på fornybare fiskestammar. Dette går ut over busetnad og fiskemottak på ein sårbar kyst. Området blir brukt av alle slags reiskapsbruk heile året som: line, garn, teiner not og snurrevad i tillegg til tarehausting.

Sogn og Fjordane Fiskarlag

Oddmund Kvalheim

Oddmund Kvalheim
avd.leiar

Kopi: Vågsøy kommune
Bremanger kommune
Selje kommune
Fiskeridir. Reg. Vest